



Kommuneplan for Fedje kommune

2012-2024

Føresegner og retningsliner

Vedteken i kommunestyret, 14.03.13 i sak 013/13.

Framlegg til Revisjon 2015 (endring i høve til sak 0123/13) er skrive med raudt.



VERKNADER AV PLANEN

Planen er utarbeidd som kommuneplan, og har juridisk status som arealDEL av kommuneplan, jamfør plan- og bygningslova (tbl) kapittel 11 om kommuneplan.

Føresegnerne er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk, jamfør plan og bygningslova § 11-6.

Den formelle delen av planen er:

- Plankart i målestokk 1:10000, datert 26.06.12.
- Dette dokumentet, datert 26.06.12.
-

Føresegnerne inneholder både generelle føringar som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet. Føresegnerne er rettsleg bindande og dei er sett i ramme.

Retningslinene til kvart føremål følgjer fortløpende etter føresegnerne, utan nummerering. Dei gjev ikkje direkte heimel for vedtak, men er likevel viktige ved at dei presiserer kommunestyret sin politikk og ynskjemål for utviklinga i planperioden. Innhaldet skal leggast til grunn for arealplanlegging og byggesakshandsaming.

Ny plan går ved eventuell motstrid framfor eldre plan for same areal, med mindre anna er fastsett i den nye planen, jamfør pbl § 1-5, 2. ledd. Dette vil sei at kommuneplanen for Fedje 2012-2024 ved motstrid gjeld framfor tidlegare vedtekne planar, så lenge det ikkje går eksplisitt fram av desse føresegnerne at den eldre planen framleis skal gjelde, eller at delar av planen skal gjelde.

I tillegg gjeld forskriftene:

SAK 10 (Byggesaksforskrifta) som regulerer krav til søknader , sakshandsaming, godkjenning av ansvarsrett mv.
TEK 10 (Byggteknisk forskrift) som regulerer god visuell kvalitet, universell utforming, helse, miljø, tryggleik og energi.

ORDFORKLARINGAR

Arealdelen av kommuneplanen skal fastsetje hovudtrekka for korleis areala skal brukast og vernast, og kva viktige omsyn som må vurderast ved disponering av areala og korleis areala samla sett skal disponerast for å nå måla kommuneplanen sin samfunnssdel set for samfunnsutviklinga i Fedje kommune. I tillegg til å ha ein arealplan for heile kommunen, kan kommunen utarbeide kommunedelplanar for delområde.

Ein arealDEL omfattar plankart, føresegner og ei planskildring med konsekvensutgreiing, jamfør pbl § 4-2 andre ledd. Jamfør pbl § 1-5, som viser til at ein vedtatt plan skal leggast til grunn for vidare planlegging og forvaltning mv., og til pbl § 11-6 om at arealdelen av kommuneplanen er bindande for framtidig arealbruk.

Reguleringsplan er eit arealplankart med tilhøyrande føresegner som fastlegg bruk, fleirbruk og vern i bestemte område, og som gjev grunnlag for avklaring av kva byggje- og anleggstiltak som kan gjennomførast i planområdet. Større byggje- og anleggstiltak utløyser alltid krav om reguleringsplan, jf. pbl § 12-1. Krav om reguleringsplan går elles fram av føresegnerne. Det er krav om planskildring og risiko- og sårbaranalyse (ROS-analyse) for alle reguleringsplanar, jf. plan- og bygningslova §§ 4-2 og 4-3. Reguleringsplan kan utarbeidast som områderegulering eller detaljregulering.

Områderegulering er primært ei planform som vert utarbeidd av kommunen etter krav i kommuneplanen sin arealdel, eller der kommunen etter tilhøva finn at det er naudsynt å utarbeide slik reguleringsplan for et område for å ivareta verneomsyn eller for å legge til rette og setje rammer for vidare planlegging, utvikling og bygging.

Detaljregulering vert nytta for å følgje opp og konkretisere overordna arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering. Både private og offentlege aktørar kan utarbeide detaljregulering.

Naust er bygningar i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Naust som skal nyttast til overnatting og er innreidde som bustad/fritidsbustad kjem ikkje inn under dette omgrepet (SOM 2009 m.fl.).

Rorbu er ei bygning for oppbevaring av båt og overnatting. Tidlegare eit fenomen knyttta direkte til fiskeria, der rorbuene hadde sengeplass til eit båtlag.

RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS)/SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Målet for ei ROS-analyse i planprosessar er å verka førebyggjande og å betra handteringen av uønskte hendingar, slik at tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar kan unngåas og/eller verta så små som mogleg. Det er sjølv sagt ikkje slik at ein kan planleggja bort alle uønska hendingar, men ein kan vera medviten om moglege hendingar, og plaleggja for å førebyggja. ROS-analysen skal vera ein del av grunnlaget for å handsama og godkjenna arealdelen til kommunedelplanen for Fedje kommune, og er konsentrert om byggjeområde og natur- og friluftsområde (LNF) med spreidd bygging, jf plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal danna grunnlag for arealprosessar fram mot byggjesak, og skal setje vilkår som må oppfyllast for at utbygging eventuelt skal kunna skje. ROS-analysen skal også gi grunnlag for å fastsetja utrednings- og dokumentasjonskrav.

ANNA LOVVERK SOM VEDKJEM PLANLEGGINGA

Kulturminnelova

Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllast i alle bygggeområde, også i sjøen. Ved søknad om tiltak i sjø, skal saka sendast til kulturminnemynde for vurdering. Dette gjeld både marine kulturminne og sjøbruksmiljø.

Hamne- og farvasslova

Tiltak som bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsttilhøva i sjøområda krev løyve frå havnemynde, jf. havnl. § 27, første ledd.
Som tiltak reknast mellom anna kaiar, bryggjer, buer, luftspenn, utdjuping, dumping, akvakulturanlegg, opplag av fartøy, lyskjelder, kablar og røyr, jf. havnl. § 27.

Jordlova

Frådeling av landbrukseigedom må handsamast etter jordlova § 12, dette gjeld i LNF-område og i område der spreidd busetnad er tillete i kommuneplanen, LNF-SB.

Naturmangfaldslova

Formålet med denne lova er at naturen med biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfold og økologiske prosesser skal takast vare på ved bærekraftig bruk og vern. Lova gjev verkemiddel for å kunne ta vare på natur også utanfor verneområda. Lova skal verka saman med andre lover som regulerer bruk av norsk natur, og gjev difor alle samfunnsområde eit stort ansvar for å få lova til å fungera.

Friluftslova

Denne lova regulerer ferdslle i utmark og den godt innarbeida *allemannsretten*.

Veglova

Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid er tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging (Rundskriv T-5/93) skal leggast til grunn ved all planlegging.

Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven

Lova skal bidra til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemmande hindringar, og hindra at nye vert skapte. Lova sitt formål er å fremja likestilling og likeverd, sikre like moglegeheter og rettar til deltaking i samfunnet for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindra diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

Folkehelselova

Formålet med denne lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, herunder utjewner sosiale helseforskellar. Folkehelsearbeidet skal fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å forebygga psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning.

Lova skal sikra at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter set i verk tiltak og samordnar si verksemder i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legga til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

GENERELLE FØRESEGNER OG RETNINGSLINER, PBL § 11-9

- 1.1 Reguleringsplanar som er vedtekne før plankartet trer i kraft, inngår i det omfang som syner i plankartet. Reguleringsplanar som framleis skal gjelda er synt som omsynssoner. Heimel: pbl § 11-8 bokstav f. Dette fører til at eldre reguleringsplanar som *ikkje* inngår i omsynssone i plankartet er vedteke oppheva. Heimel: pbl §§ 12-12 og 12-14.
- 1.2 Utbygging skal *ikkje* setjast i gang før det er vurdert behov for og sikra etablert infrastrukturtiltak som kommunaltekniske anlegg, tilstrekkelege grøntareal, trafikksikker tilkomst for gåande, syklande og køyrande og offentlege tenester. Kommunen kan krevje at tiltak *ikkje* vert tekne i bruk før slike infrastruktur er ferdigstilt. Heimel: pbl §§ 11-9 nr. 3 og 4.
- 1.3 Den til ei kvar tid gjeldande Rammeplan for byggegrense til veg og avkjøring for Region Vest, skal leggjast til grunn for handsaming av avkjøring til fylkesvegar. Langs fylkesvegane skal det leggjast til grunn ei byggegrense på 15 meter frå midtline. Heimel: pbl §§ 11-9 nr. 3 og 5.
- 1.4 I samband med planlegging og gjennomføring av tiltak skal det leggjast til rette for universell utforming. Dette gjeld nye bustader, offentlege bygg med uterom, haldeplassar for kollektivtrafikk og publikumsretta verksemrd. Heimel: pbl § 11-9 nr. 5.
- 1.5 Byggjeforbodet langs sjø og vassdrag som definert i pbl § 1-8 gjeld i Fedje kommune. I eksisterande byggeområde og område for LNF-spreidd bustad er det sett ny byggjegrense mot sjø vist i plankartet. Innanfor reguleringsplanar som framleis skal gjelde, er byggjegrense definert i plankartet. Heimel: pbl § 11-9 nr. 5, jf § 1-8, 3. ledd. Reguleringsplanar med fastsett byggjegrense mot sjø erstattar 100-metersbeltet som byggjegrense. Heimel: pbl § 12-7 nr. 2.
- 1.6 Naust er å rekne for uthus, ein bygning i strandsona for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskapar. Det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast framfor naust og mellom naust/naustgrupper. Det er *ikkje* tillete med gjerde, lévegg eller andre stengsle i naustområde. Fargebruk og materialbruk i murar, kledning, dører og tak skal vere som for eksisterande naust i kommunen. Nybygg skal også tilpassast eksisterande utbyggingsstruktur i kommunen og tilgrensande naust når det gjeld plassering, utnyttingsgrad, takform og volum. Heimel: pbl §§ 11-9 nr. 3, 5, 6 og 7 samt 11-11 nr. 5. For eksisterande saltebuer/rorbuer som var bygd 01.01.2012 kan kommunen gje løyve til bruksendring til fritidsbustad dersom føremålet er utleige. Heimel: pbl § 11-7 nr. 1.
- 1.7 Utbyggingsavtalar skal utformast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande retningsliner for bruk av utbyggingsavtalar i kommunen. Heimel: pbl § 11-9 nr. 2.
- 1.8 Det er *ikkje* tillate å angra opp flytande konstruksjonar som husbåtar og lekterar lenger enn 2 månader utan løyve frå kommunen. Heimel: pbl § 11-9 nr. 6.
- 1.9 Nye tiltak må *ikkje* skjemme verneverdig kulturminne eller kulturlandskap. Tiltak nærmare kulturminne enn 50 meter skal leggjast fram for kulturminnestyresmaktene. Heimel: pbl § 11-9 nr. 7.
- 1.10 Verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og setjast i stand. Heimel: pbl § 11-9 nr. 7.

- 1.11 Ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om tiltak, skal eventuelle kulturminne og kulturmiljø skildrast, og det skal visast korleis ein har søkt å ta omsyn til desse. Heimel: pbl § 11-9 nr. 7 og 8.

Reguleringsplanar bør utformast i samsvar med kommunane si startpakke for reguleringsplanar (Regionrådet Nordhordland IKS / Nordhordland digitalt).

BKK Nett AS bør kontaktast på eit tidleg tidspunkt i ved planlegging av tiltak som kan ha verknad på høgspenningsnettet.

2. AREALFØREMÅL

2.1 Arealet innanfor plangrensa er avsett til følgjande føremål, PBL § 11-7, nr. 1-6:

BYGNINGAR OG ANLEGG, PBL § 11-7, NR. 1

- Fritidsbustadområde
- Næringsverksem
- Andre typer anlegg
 - Kombinerte byggje- og anleggsføremål
 - Naust
 - Småbåtanlegg

SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, PBL § 11-7 NR. 2

- Veg
- Lufthamn
- Hamn
- Trasear for teknisk infrastruktur

GRØNTSTRUKTUR, PBL § 11-7 NR. 3

- Friområde

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE, PBL § 11-7 NR. 5

- LNF
- LNF-spreidd bustad

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE, PBL § 11-7 NR. 6

- Fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdslle og fiske (NFFF)
- Farlei
- Ferdslle
- Akvakultur
- Småbåthamn
- Fiske
- Drikkevatn

OMSYNSSLER, PBL § 11-8

- Område bandlagt etter naturvernlova
- Område bandlagt etter kulturminnelova
- Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan
- Omsynssone for drikkevatn

SONER GENERELLE BESTEMMELSER, PBL § 11-9

- Sone med krav om reguleringsplan

2 BYGNINGAR OG ANLEGG pbl § 11-7 nr. 1

2.1 Generelt

- 2.1.1 I område avsett til byggeområde kan det tillatast inntil 4 einingar som fortetting og ny busetnad utan krav til plan. Heimel: pbl § 11-10 nr.1.
- 2.1.2 På eigedom som er bygd med bustad/fritidsbustad kan det gjevast løyve til mindre tiltak (jfr pbl § 20-2 bokstav a) utan reguleringsplan for tilbygg, frittståande uthus/garasje, mindre anlegg, som tilhører bustaden/tunet. Heimel: pbl § 11-10 nr.1.
- 2.1.3 Ved utarbeiding av reguleringsplan skal det leggjast vekt på terrengtilpassing av tiltaka, slik at ein i størst mogleg grad unngår større inngrep. Heimel: pbl § 11-9 nr. 6.
- 2.1.4 Ved utarbeiding av reguleringsplan skal eigna areal for barn og unge lokaliseraast før bustader og vegar vert plassert. Areal for felles leik skal ha solrik plassering og vere skjerma mot skjenerende vind, ureining, støy, sterke elektromagnetiske felt og trafikkfare. Areala skal ha eit utandørs ekvivalent støynivå under 55 dB(A), og areal brattare enn 1:3 og smalare enn 10 m skal ikkje reknast med. Felles leikeareal skal opparbeidast før bustadane kan takast i bruk. Heimel: pbl §§ 11-9 nr.4, 5 og nr 8.
- 2.1.5 Både overvatn og dreenvatn må behandlast på ein slik måte at det ikkje direkte eller indirekte påfører andre eigedommar ulemper. Heimel: pbl §§ 11-9 nr. 3 og 18-1.
- 2.1.6 Ved utarbeiding av reguleringsplan for framtidige byggeområde innanfor 100-metersbeltet skal ny byggjegrense fastsetjast i plan. Tiltak i den funksjonelle strandsona skal sikre ålmenn tilkomst fram til og langs sjøen. Heimel: pbl §§ 1-8 3.ledd og 11-9 nr. 5.
- 2.1.7 Nye tiltak i tilknyting til sjø skal dimensjonerast etter lokale tilhøve med omsyn til sårbarheit knytt til ekstrem vind, høg vassstand, o.l. Heimel: pbl §§ 4-3 og 11-10 nr. 2.
- 2.1.8 I planar og tiltak som legg til rette for utbygging i sjøkanten, skal byggjehøgda for overkant golv i 1. etg i oppholds- arbeids- og publikumsrom, ikkje vere lågare enn 2,3 meter over landkartnull. Heimel: pbl §§ 4-3 og 11-10 nr.2.
- 2.1.9 Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllast i alle byggeområde, også i sjøen. Ved søknad om tiltak i sjø skal saka sendast til kulturminnemynde for vurdering. Dette med tanke på både marine kulturminne og sjøbruksmiljø.

Ved planlegging av byggeområde skal det dokumenteraast korleis prosjektet tilfredsstiller krav til terrengtilpassing, fjernverknad, byggeskikk og tilpassing til eksisterande bygningar.

I område for heilårs- og fritidsbustader bør større terrassar leggjast på bakkenivå. Store terrassar med rekksverk som skapar ei dominante visuell verknad bør ikkje tillatast.

Ved fortetting innan eksisterande bustadområde og i nye bustadområde bør alternativ til einebustadar vurderast, for å utvikle ulike typar bygg som t.d. hybler, rekkehus og bustadar med livsløpsstandard.

I samband med utbygging bør det gjerast ei vurdering av trafikksituasjonen i området, med tanke på sanering av farlege eller potensielt farlege avkjørslar.

Plass til parkering skal vurderast ved alle søknader om byggjeløyve. Naust som vert bygd attmed fylkesveg, skal ha parkeringsplass.

2.2 Fritidsbustad (nr. 3 i plankartet)

- 2.2.1 Føremålet er byggjeområde for fritidsbustad med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal. Heimel: pbl § 11-7 nr.1.
- 2.2.2 Fritidsbustader skal disponere minst ein biloppstillingsplass. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5.

2.3 Næringsverksemd

- 2.3.1 Føremålet er næringsverksemde med tilhøyrande teknisk anlegg, vgar, parkering og anna fellesareal. Heimel: pbl § 11-7 nr.1.
- 2.3.2 Nye verksemder skal ikkje plasserast slik at dei vert til vesentleg ulempe for kringliggjande busetnad eller offentlege føremål med tanke på støy, ureining o.l. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 6.

I framtidige næringsområde bør det leggjast til rette for energireduserande tiltak, som t.d. vassboren varme og biovarme. Heimel: pbl § 11-9 nr. 3

2.4 Kombinert byggje- og anleggsføremål

- 2.4.1 Føremålet er kombinert byggje- og anleggsføremål, bustad, næring og småbåtanlegg på land, med tilhøyrande teknisk anlegg, vgar, parkering og anna fellesareal. Heimel: pbl § 11-7 nr.1.

2.5 Andre typar anlegg - naust

- 2.5.1 Føremålet er byggjeområde naust, småbåtanlegg, med tilhøyrande teknisk anlegg, vgar og parkering. Heimel: pbl § 11-7 nr.1.
- 2.5.2 For småbåtanlegg gjeld krav om reguleringsplan berre dersom det er plankrav for tilstøytande areal på land. Heimel: pbl § 11-9 nr.1.
- 2.5.3 Området som er lagt ut til naust og småbåthamn i sjø i Sildevågen, nummerert som 27 i plankartet, skal inngå i reguleringsplanen for utvidinga av feltet Husøyna, merka som nr 2 i plankartet. Heimel: pbl § 11-9 nr.1.

I eksisterande byggjeområde for naust er fortetting tillate når storleik og utforming er i samsvar med byggjesikken i området, jf punkt 1.6 og 2.1.1.

Innanfor eit område avsett til småbåtanlegg bør bryggjer byggjemeldast samstundes, dette for å kunna dokumentera at ikkje heile strandsona vert nedbygd med ulike typar kaiar/ bryggjer/utliggjarar og at anlegga ikkje vert til hinder for ålmenta si ferdsle og bruk av strandsona.

SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, PBL § 11-7 NR. 2

Veg

- 3.1 Arealføremålet er veg, jf. pbl § 11-7 nr. 2.

Lufthamn

- 3.2 Arealføremålet er lufthamn, jf. pbl § 11-7 nr. 2.

Hamn

- 3.3 Arealføremålet er samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, underføremål hamn, jf. pbl § 11-7 nr. 2.
Tiltak til andre føremål enn hamn er ikke tillate.
- 3.4 Planlegging og utbygging av hamneområde skal utførast slik at bygg og anlegg ikke tek skade av høy
vasstand. Heimel: pbl §11-10 nr. 2.

Trasear for teknisk infrastruktur

- 3.5 Arealføremålet er samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, underføremål trasear for teknisk
infrastruktur, jf. pbl § 11-7 nr. 2. Arealføremålet viser trasear for kraftforsyning. Tiltak som er til hinder
eller skade for dette føremålet er ikke tillate.

GRØNTSTRUKTUR, PBL § 11-7 NR. 3

Friområde

- 4.1 Arealføremålet er friområde. Heimel: pbl § 11-7 nr. 3.
- 4.2 Tiltak som fremjar friluftsliv er definert å vera i tråd med føremålet. Tiltaka må ha ålmenn tilgang og
bruksrett. Universell utforming skal tilstrebast. Heimel: pbl §§ 11-10 nr. 1 og 11-9 nr. 5.

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE, PBL § 11-7 NR. 5

Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)

- 5.1 Arealføremålet er landbruks-, natur- og friluftsområde der tiltak i samband med stadbunden næring er
tillate. Definisjonen av stadbunden næring er som i rettleiaren Landbruk Pluss, T-1443; 2005. Heimel:
pbl § 11-7 nr. 5, punkt a.

5.2 Bygningar og anlegg kan førast opp etter enkeltvise søknader, jf. pbl 11-11 nr. 1 på desse vilkåra:

1. Det kan gjevest løyve til naudsynte tiltak for landbruket og gardstilknytta næringsverksem. Definisjon av naudsynte tiltak er som i rettleiaren Landbruk Pluss, T-1443; 2005.
2. Nye bygg bør gli inn som ein del av det eksisterande tunet.
3. Det kan gjevest løyve til mindre tiltak knytt til eksisterande bustadhus. Mindre tiltak er tilbygg, påbygg, frittståande uthus/garasje og mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet.

Område for spreidd busetnad (LNF-SB)

- 5.3 Arealføremålet er landbruks-, natur- og friluftsområde der spreidd busetnad eller frådeling til slike føremål er tillate. Heimel: pbl § 11-7 nr. 5, punkt b.
- 5.4 Det kan gjevest løyve til mindre tiltak knytt til eksisterande bustadhus. Mindre tiltak er tilbygg, påbygg, frittstående uthus/garasje og mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet. Heimel: pbl § 11-11 nr. 1.
- 5.5 Område sett av til LNF – spreidd busetnad kan i planperioden byggjast ut/frådelast i samsvar med definert omfang i lista under. Heimel: pbl § 11-11 nr. 2.

Områdenamn	Omfang
Kahrs	10
Stormark	10
Sildevågen	5

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE, PBL § 11-7 NR. 6

Bruk og vern av sjø og vassdrag (fleirbruksområde NFFF)

- 6.1 Føremålet er bruk og vern av sjø og vassdrag, utan spesifisert underføremål, jf. pbl § 11-7 nr. 6. Dette er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske (NFFF).
- 6.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaiar. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett samt røyrleidningar for olje og gass. Heimel: pbl § 11-11 nr. 3.

Farlei

- 6.3 Føremålet er hovud- og bifarleier i sjø, jf. pbl § 11-7 nr. 6. Området viser farleiene sin arealmessige utstrekning slik dei er fastsett gjennom forskrift av 30. november 2009 nr. 1477 (forskrift om farleder), med mindre justeringar. I tillegg er hovud- og bifarleiene vist med ei stipla linje som syner hovudtrafikkretningane i leiene.
- 6.4 Tiltak som kan vere til ulempe for sjøtrafikk i hovud- og billeiene er ikkje tillate, under dette akvakultur og flytebrygger. Farleiene kan nyttast til annan ferdslle, fiske og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for sjøtrafikken. Føremålet farlei er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett samt rørleidningar for olje og gass. Heimel: pbl § 11-11 nr. 3.

Ferdslle

- 6.5 Føremålet er ferdslle, og gjeld i sjø, jf. pbl § 11-7 nr. 6.
- 6.6 Tiltak som er i konflikt med føremålet er ikkje tillate. Heimel: pbl § 11-11 nr. 3.

Akvakultur

- 6.7 Føremålet er område for akvakultur, jf. pbl § 11-7 nr. 6.
- 6.8 Tiltak som kan hindra eller forstyrra akvakulturverksemd, skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av områda. Søknader om tiltak/inngrep på eller i nærleiken av områda, skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune før uttale, før vedtak vert fatta. Heimel: pbl § 11-7 nr. 6.

Småbåthamn

- 6.9 Føremålet er småbåthamn med tilhøyrande anlegg, jf. pbl § 11-7 nr. 6.
- 6.10 I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan før tiltak er tillate. Det vert gjeve unntak frå kravet om reguleringsplan for mindre anlegg med plassering og storleik som spesifisert under. Heimel: pbl § 11-9 nr. 1.

<i>Område:</i>	<i>Maksimal storleik (med utliggarar, lengd x breidd):</i>
Kyrkjevågen/Husavågen	22x10 meter
Rognsvågen	22x12 meter
Sildevågen	12x8 meter
Stormark	22x8 meter

- 6.11 Småbåthamnene skal planleggjast slik at dei ikkje tek unødig skade av sterk vind.
Heimel: pbl § 11-10 nr. 2.
- 6.12 Mindre tiltak som t.d. feste/fundamentering til flytebryggjer er tillete. Heimel: pbl § 11-10 nr. 2.

Før tiltak i sjø vert sett i verk, under dette utfylling, mudring, utgraving, leggjing av leidningar/røyr og utlegging av flytebryggjer krev dette løyve, jf. havnl. § 27.

Fiske

6.12 Føremålet er fiskeområde, under dette trålfelt for rekefiske, kaste- og låssettingsplassar, jf. pbl §11-7 nr. 6

6.13 Tiltak som kan hindra fisket, skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av områda, under dette flytebrygger, kaiar, fortøyning av anlegg for akvakultur og utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett. Fiskeområda kan nyttast til ferdslle og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for fiskeriverksemda. Søknader om tiltak/inngrep på eller i nærleiken av områda, skal leggjast fram for fiskeridirektøren for uttale, før vedtak vert fatta. Heimel: pbl § 11-7 nr. 6.

Drikkevatn

6.14 Føremålet er område for drikkevatn. Heimel: pbl § 11-7 nr. 6, jf. § 11-11 nr. 3.

OMSYNNSONER, PBL § 11-8

Område bandlagd etter naturvernlova (naturreservat og landskapsvernombjørg)

7.1 Sonene viser område verna etter naturvernlova, merka med påskrifta naturreservat. Innafor områda er det verneforskrifta som er styrande for all bruk. Heimel: pbl § 11-8 bokstav d.

7.2. Sona viser område verna etter naturvernlova, merka med påskrifta landskapsvernombjørg. Innafor områda er det verneforskrifta som er styrande for all bruk. Heimel: pbl § 11-8 bokstav d.

Område bandlagd etter kulturminnelova (kulturminne)

7.3. Sonene viser kulturminne som er freda etter kulturminnelova. Innafor desse områda gjeld føreseggnene i kulturminnelova. Heimel: pbl § 11-8 bokstav d.

7.4. Sonene viser marine kulturminne som er freda etter kulturminnelova, merka rune-R. Innafor desse områda gjeld føreseggnene i kulturminnelova. Heimel: pbl § 11-8 bokstav d.

Ved planlegging av tiltak i omsynssona skal omsynet til kulturminne og kulturmiljø vektleggast. Det skal ikkje gjevest løyve til tiltak som kan ha skjemmande verknad i høve til Hellisøy fyr, eller som kan forstyrra heilskapen i omgjevnadene til fyret. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve kulturmiljø og kulturminnelova.

Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan

7.7. Reguleringsplanar i denne sona skal framleis gjelde. Ved motstrid gjeld reguleringsplanane framfor arealbruk og føresegner fastsett i denne planen. Heimel: pbl §§ 1-5 andre ledd og 11-8 bokstav f.

Planar som framleis gjeld:

PlanID 198101 – Reguleringsplan for Svena
PlanID 198201 – Reguleringsplan for Stenborg
PlanID 198202 – Reguleringsplan for Husøya
PlanID 198501 – Reguleringsplan for Søre Vinappen
PlanID 200001 – Reguleringsplan for utviding av gravplass
PlanID 200501 – Stormark, hyttefelt
PlanID 200601 – Reguleringsplan for Kalvedalen
PlanID 200701 – Privat reguleringsplan, Sengsvatnet
PlanID 200801 – Varden hyttefelt
PlanID 200901 – Reguleringsplan Torvhaugane

Plan som delvis gjeld (i den utstrekning plankartet syner):

PlanID 199001 – Reguleringsplan for Kræmmerholmen

To gjeldande reguleringsplanar er ikkje med i opprampsinga under punkt 7.7. Dette er reguleringsplan for Bøgardsvika og reguleringsplan for Blåstokken. Desse vert oppheva av kommuneplanen.

Ved planlegging av tiltak nærmere enn 30 meter frå grensa til reguleringsplanen 199001 skal omsynet til kulturminne og kulturmiljø vektleggast. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kan ha skjemmande verknad i høve til Handelsstaden Kræmmerholmen, eller som kan forstyrra heilskapen i omgjevnadene til Handels- og gjestgjevarstaden. Saker som gjeld tiltak skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve kulturmiljø og kulturminnelova.

Sikringssone drikkevatn

7.8. Sona omfattar drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt med vedtekne klausular for bruk.

Heimel: pbl § 11-8 bokstav a.

Støysone

7.9. Støysona gjeld areal som Statens vegvesen har kartlagt som utsett for støy.

Heimel : pbl § 11-18, tredje ledd, punkt a.

Sone med særskilte omsyn, pbl § 11-8 tredje ledd bokstav c

Omsyn naturmiljø – gyteområde. Sona viser viktige gyte- og oppvekstområde for marin fisk. Tiltak eller utslepp som kan vera til hinder for gytesuksess og/eller redusera områda sin kvalitet som oppvekstområde, bør så langt som råd unngåast. Søknader om tiltak/inngrep/utslepp på eller i nærleiken av felta, skal leggjast fram for fiskeridirektøren for uttale, før vedtak vert fatta.

SONER GENERELLE BESTEMMELSER, PBL § 11-9

Sone med krav om reguleringsplan – nr. 1-4

8.1. For sone # 1 og # 3 er det krav om reguleringsplan før tiltak er tilte. Heimel : pbl § 11-9, nr. 1

8.2. For sone # 2 er det krav om områdereguleringsplan. Heimel : pbl § 11-9 nr. 1

8.3 For sone # 4 er det krav om reguleringsplan, dersom det skal byggjast fritidsbustader.
Heimel: pbl §11-9 nr. 1

Sonene er merka i kartet med # og tal. Dei er :

- # 1 Svena nord for den gamle formjølfabrikken
- # 2 Utviding bustadfeltet Husøyna
- # 3 Hyttefelt Stormark aust
- # 4 Område der det ikkje er høve til å byggja fritidsbustader

I område #4 skal ein ikkje gje løyve til å byggja nye fritidsbustader. I område #4 kan kommunestyret gje dispensasjon for bygging av fritidsbustader dersom tilknyting til offentleg kloakk er mogleg.

I kommuneplan 2000-2012 var sone #4, kalla område B i føresegne. Dei er nærmast identiske. Område B var definert i lokal forskrift for separate avløpsløsingar.